

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
031/19	Formannskapet	PS	21.03.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Rolf-Henning Myrmel	FA-Q80	19/170

Trafikksikring Årås skule

Vedlegg:

Trafikkskilt Årås skule

Framlegg til vedtak:

Austrheim formannskap vedtek fylgjande skiltplan for Årås skule:

Rundkjøring ved skulen vert skilta med *SKILT 302 LS KL2 / INNKJØRING FORBUDT* med underskilt *Gjeld ikkje buss, taxi, rørslehemma, tilsette og varelevering.*

Formannskapet - 031/19 - 21.03.2019

FS - behandling:

Ordførar Per Lerøy (Ap) viste til at det har vore ein dialog med idrettslaget om tilgang til fotballbana etter at det no er innskrenka tilgang til å kjøra inn mot Årås skule/idrettsanlegget. Ein legg opp til vidare dialog med idretten, med eit fellesmøte med ordførar/administrasjonen/idrettslaget.

Anne Dahle Austrheim (KrF) sa at det kunne hjelpa med eit oversiktsskilt som viser kvar ein bør parkera ved skulen/idrettsanlegget.

Rikke Heldal Hope (H) sa at det hadde vore kaotisk ved idrettshallen i haust, med parkering slik at bussane ikkje kom fram. Etterlyste ei løysing for dei minste, medan dei eldste borna og vaksne bør kunna gå frå idrettshallen-parkeringa. Ikkje bra for dei minste å vera fotgjengar nede ved hallen, i alle fall seksåringane burde få bli satt av i rundkjøringa.

Rolf Henning Myrmel frå administrasjonen sa at ein ønskjer å bruka av årets asfaltmidlar til å asfaltera resten av plassen ved idrettshallen, dette vil gjera det mogleg å merka opp for parkering.

Konstituert rådmann Olav Mongstad sa at dette som ligg i bordet no er eit strakstiltak, og så kan ein gjera meir seinare når ein kjem i gang med det arbeidet som er planlagt, med flytting av tilsetteparkering ned til hallen og omgjerung av dette arealet til eit grøntområde.

Rikke Heldal Hope (H) etterlyste at dersom dei minste elevane ikkje kan settast av i rundkjøringa, så må det vera ein vaksenperson (eller tiandeklassing) på plass ved hallen slik at der er tilsyn.

Konstituert rådmann Olav Mongstad sa at dette skal ein ta vidare til skulen.

Myrmel frå administrasjonen sa at framlegget er endra frå første framlegg. Først var det tenkt at bussane skulle bruka rundkjøringa på morgonen og stå nede ved hallen på ettermiddag, no er det meint at bussane skal bruka rundkjøringa både morgon og ettermiddag.

Per Lerøy (Ap) ba om at parkering for rørslehemma vert flytta frå dagens plass og nærare skuleplassen. Myrmel svara at dette er uproblematisk å få til.

Nytt framlegg til vedtak:

Rundkjøring ved skulen vert skilta med SKILT 302 LS KL2 / INNKJØRING FORBUDT med underskilt "Gjeld ikkje buss, taxi, rørslehemma, tilsette og varelevering".

Bussane kjører opp til rundkjøringa både morgon og ettermiddag, og ikkje ned til hallen.

Ved rundkjøringa skal det også etablerast betre tilhøve for av- og påstiging for rørslehemma, og det må vurderast om parkeringsplassen for rørslehemma skal flyttast til den nye parkeringsplassen for lærarar.

Handsaming:

Samrøystes vedtak for dette nye framlegget.

FS vedtak:

Rundkjøring ved skulen vert skilta med SKILT 302 LS KL2 / INNKJØRING FORBUDT med underskilt Gjeld ikkje buss, taxi, rørslehemma, tilsette og varelevering.

Bussane kjører opp til rundkjøringa både morgon og ettermiddag, og ikkje ned til hallen.

Ved rundkjøringa skal det også etablerast betre tilhøve for av- og påstiging for rørslehemma, og det må vurderast om parkeringsplassen for rørslehemma skal flyttast til den nye parkeringsplassen for lærarar.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Ein motteke bekymringsmelding frå Nettbuss as og etter samtale med dei har ein komme fram til at ei løysing på trafikk situasjonen er å stenge rundkjøringa for privatbilister og å flytte busstoppet opp i rundkjøringa. Av og på stigning og parkering for andre en tilsette vert nede på plassen ved idrettshallen. Parkering vert skilta.

Rundkjøringa vert skilta med **INNKJØRING FORBUDT** og med underskilt ***Gjeld ikkje buss, taxi, rørslehemma, tilsette og varelevering.***

Vurdering

Austrheim kommune er godkjent av Trygg trafikk som trafikksikker kommune og ein har fokus på trafikktryggleiken. Ein har vore uroa av trafikksituasjonen rundt skulen både i skuletida og på kveld. Ein trur at føreslegne tiltak kan betre situasjonen.

Konklusjon

Austrheim formannskap vedtek fylgjande skiltplan for Årås skule:

Rundkjøring ved skulen vert skilta med **SKILT 302 LS KL2 / INNKJØRING FORBUDT** med underskilt ***Gjeld ikkje buss, taxi, rørslehemma, tilsette og varelevering.***

